


DET NORSKE TEATRET





Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 33 70 70

Brann- og annen skadetrygd

Kombinert trygding - Nyverdetrygding

En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi

Jarlsberg Mineralvann A/S



«BRENNANDE MØRKE»

av

ANTONIO BUERO VALLEJO

til norsk ved EINAR CHRISTENSEN

regi PÅL SKJØNBERG

dekorasjoner SNORRE TINDBERG

Omslaget er ved grafikaren

OLAF THRAP-MEYER


SESONGEN 1961/62



Det lyser opp

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle. Begynn med brodering, en kongelig hobby.

RANDI MANGEN & CO
SPESIALFORRETNING I BRODERIER
Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59



LIM trenger De ofte —

ha **KARKOLIN** for hånden

**Kvalitetslim for
fotos, papp og papir**

Korken er pensel — tørker ikke inn

Alltid ferdig til bruk

Kjøp Norsk for Norsk er kvalitet



OLJE er én ting, men

SKYTTERENS COMBI-OLJE

er smøreoljen også for Deres symaskin
For bilens blanke deler er den
ytterlig som beskyttelse

Syre- og vannfri

C. N. RODE & KARKO A/S


OSLO — Etablert 1863

BRENNANDE MØRKE

Etter Ugo Betti, O'Neill og Bert Brecht lar vi no ein ny dramatikar koma til orde, for første gong i Skandinavia: spanjolen Antonio Buero Vallejo. Det er ei røyst frå den delen av Vest-Europa som ligg oss fjernast, geografisk og på anna vis, — eit land som hekken veks kjempehøg ikring. Vi synest det er ei brennande røyst inne frå dette isolerte området, verd å lyde til også på våre breiddegradar. Ytre ro, indre glød, — i så måte fører Vallejo tradisjonen frå Garcia Lorca vidare, om dei elles er svært ulike. For spansk dikting og åndsliv kom borgarkrigen og Franco-regimet som eit drepende slag. Mang ei rik bløming vart brått stansa. Midt i si finaste utvikling som dramatikar vart Lorca riven bort, skoten mot ein mur. Vallejo sat etter krigen fengsla i 6 år. Som enkelte av sine diktarkolleger i aust har han sidan måtta balansere på stram line, i motivval og uttrykksform, og han er fleire gonger blitt stansa av sensuren. Denne situasjonen forklarar kanskje eit stykke på veg det symbolske draget i diktinga hans: han må kamuflere seg.

«Brennande mørke», — i det ytre ei skildring av blindfødde, handlar i røynda om oss alle: menneska byggjer opp ikring seg eit skal av falske illusjonar, dei ordnar tilværet sitt slik at det blir eit lite opplyst rom der det store mørket ikkje får sleppe inn, og dei skaper seg på denne måten ei kjensle av meining og tryggleik. Men inn i all orden og «livsglede» bryt det metafysiske uroelementet med destruktiv kraft: opprøraren Ignacio, pint av sin uslökkjande lengsel etter s yn.

I alle menneskesamfunn vil denne Ignacio dukke opp frå tid til tid, også i dei som er mest gjennomført «velordna» og uniformerte. Kanskje nettopp d er. Utan å ha noko av Ignacio i seg var ikkje mennesket m e n n e s k e.





Pål Skjønberg.

Instruktøren

Det har vore tala mykje om instruktørmangelen i norsk teater, kanskje *vel* mykje. Vi har talentfulle folk i dette krevjande yrket, men dei er for få og blir til dels lesst ned med oppgåver. Rekruttering og utdanning av instruktørar er derfor ei oppgåve med høg prioritet innan norsk teater. Staten har her tatt eit glederikt og framsynt initiativ med å opprette to årlege instruktørstipend. Det vitnar om ein konstruktiv teaterpolitikk som eg trur kan koma til å bera rik frukt. Desse stipend vil truleg i første omgang gå til dei som er instruktørar og som har synt særlege evner i dette arbeidet. Men det hastar òg med rekruttering av nye folk. Derfor har vi dei siste par åra operert med regiassistentar. Det har ein dobbel funksjon: instruktøren får noko avlastning, og assistenten lærer faget — eit stykke på veg — før han etter kvart, eventuelt, får sjølvstendige regioppgåver.

Kveldens debuterande instruktør, Pål S k j ø n b e r g, tok fort spranget frå regiassistanse til sjølvstendig regi. Bak denne debuten ligg sjølvsaugt eit fond av personleg teater- røynsle, vunne gjennom mange slike oppgåver på scenen. Han står i dag sterkt blant yngre norske skodespelarar, — vi treng berre minne om hans to siste ting: Gunnulf i «Husfrue» og Simon i «Den kaukasiske ktringen». Eg trur vi i framtida kan rekne med han *også* som instruktør.

T. S.

NATIONEN

Kontakten mellom bygd og by!

Kr. 29,00 pr. kvartal

ANTONIO BUERO VALLEJO

vart fødd i 1916 i Guadalajara. Etter artium studerte han ved kunstakademiet i Madrid (1934—36). I borgarkrigen gjorde han teneste i sanitetskorpsset til den republikanske hæren, og måtte difor sone 6 års fengsel etter at Franco hadde vunne. Då han kom ut att, gjekk han over til dramatikken, og måla berre for å livnære seg. I 1949 vann Buero Vallejo «Lope de Vega»-prisen for debutantar med dramaet «Historia de una escalera» (Historia om ei trapp). Stykket vart ein veldig suksess. Same året vann han prisen for den beste einaktaren med «Palabras en la arena» (Ord i sanden), bygt over forteljinga om Jesus og syndarinna. «En la ardiente oscuridad» (Brennande mørke) vart framført året etter og grunnfeste stillinga hans som den fremste seriøse dramatikar i dagsens Spania. Derimot fekk «La tejedora de sueños» (Draumeveverska) og «La señal que se espera» (Teiknet som var venta) inga særleg ros. Året etter vart framsynt «Casi un cuento de hadas» (Nesten eit eventyr) og «Madrugada» (Morgongry), som dramaturgisk er det mest vellykka stykket hans; det held strengt på dei tre klassiske einingar og er gjennomgådd av intens dramatik. I 1954 vart det utgjeve to stykke av han som ikkje er framførte. Det fyrste, «Aventura en lo gris» (Eventyr i grått) er eit forsøk i ekspresjonistisk teater. (Det var skrive i 1950, men refusert 5 gonger p. g. a. dristig motivval.) Av det andre stykket, «El terror innóvil» (Den urørlege redsle) var det berre 2. akt som vart prenta, med påførselen: «Fragment av ein uframførleg tragedie.» Same året vart «Irene, o El tesoro» (Irene, eller Skatten) synt på scenen, men heller ikkje det vann seg ros av publikum eller kritikarar. To nye stykke vart framførte i 1956 og 1957: «Hoy es fiesta» (I dag er det fest), nærskyltd med Bueros fyrste suksess, «Historia de una escalera». Det andre var «Las cartas boca abajo» (Med tildekte kort), der forfattaren freistar å sameine den realistiske teknikken med den symboliserande tendensen. Mange spanske kritikarar reknar det for Bueros beste til no.

I dei to siste skodespela sine slår Buero Vallejo inn på nye vegar. «Un soñador para un pueblo» (Ein drøymar for

folket), frå 1958, skildrar Karl III's reform-venlege minister, markien av Squillace, framstegsdraumane hans, og nederlaget hans andsynes dei reaksjonære kreftene som arbeidde mot han i løynd. «Las meninas» (Ternene), frå 1960, framsteller målarer Velázquez og hans kamp for å verne sitt åndelege og kunstnarlege sjølvstende i det ufrie miljøet han arbeidde i. Om desse to skodespela har ei historisk ramme, er temaet i røynda tidlaust, samstundes som dei har ei særskild adresse til dagsens Spania.

Buero Vallejos dramatik er boren oppe av ein djup etisk patos. Han skildrar konflikten mellom sanningsleitinga åt mennesket og ytre hindringar som steller seg i vegen for denne leitinga.

Når Buero Vallejo stundom blir skulda for negativisme og pessimisme, svarar han at «det å vera tragikar er det motsette av det å vera pessimist. Tragedien er teikna på den heltemodige låtten som rører seg under og bryt fram utan at ein let att augo.»

Knut E. Sparre

Jngen heim utan hage

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvar dagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar kr. 15,— for året i medlemspengar. Alle medlemmer får tilsendt tidskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minne-
liste for hagedyrkere».

DET NORSKE HAGESELSKAP

MOTZFELDTSGT. 1, OSLO — TELEFON 67 33 86



Frå venstre: Carlos FINN KVALEM, Juana LIV ULLMANN og Ignacio JOACHIM CALMEYER.

Moderne spansk teater etter García Lorca

18/7 1936: *Den spanske borgarkrigen bryt ut.*

19/8 1936: *Federico García Lorca blir myrda utanfor Granada.*

Februar 1937: Alejandro Casona flyktar or landet, fyrst til Frankrike, sidan til Sør-Amerika.

Desse hendingane markerer eit avgjerande vendepunkt for moderne teater i Spania. Den fremste eksponenten for oppattninga av det spanske teatret i 20—30-åra gjekk bort med García Lorca. Diktargenerasjonen hans, den såkalla «1927-generasjonen», var mest lyrikarar. Dei få som òg hadde eksperimentert innanfor teatret, som Pedro Salinas, Rafael Alberti, Max Aub og Alejandro Casona, fór i utlegd som følgje av borgarkrigen, medan den noko yngre Miguel Hernández døydde som politisk fange i Franco-Spania (1942). Av emigrantforfattarane er det berre Casona som har skrive skodespel av kvalitet sidan; i Spania er det forbod mot å spela stykka hans, og dei fell difor utanfor ramma kring denne oversyna. I dei kaotiske borgarkrigs-åra og etterpå, fram til kring 1945, levde spansk teater framleis delvis på gammal og veltoggen repertoar-kost, delvis vart det tvangs-fôra med nye stykke leverte av middels «høves»-diktarar,

Framhald side 21.



Walter Jacobsen A.S.
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 33 13 68

Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

KJØLESKAP
VASKEMASKINER
KOMFYRER
VARMEFJELER
VARMLUFTVIFTER

med lakkfeil

15-30 %

prisreduksjon.

Kjente merker. Årets modeller.

Avbetaling. Garanti.

ELBO-KJØKKEN

Maridalsvien 46, tlf. 37 96 75.

Storgaten 35, Lillestrøm.

A. Hillestad
rensing kjemisk renseri & fargerier

Rensing - Farging

Skjorteservice

*Butikker over hele
byen*

SYN OG SEGN • SYN OG SEGN • SYN OG SEGN

Likar De å følge med?

Få syn for segn les

**DET STØRSTE ALLMENNE
TIDSSKRIFTET I LANDET**

**SYN
OG
SEGN**

OPPLAG I DAG: 12 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 16,00. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret.

**DET NORSKE SAMLAGET, Kristian Augusts gate 14, Oslo.
Tlf. 33 11 01. Postgiro 87 02, bankgiro 60 90/659.**

SYN OG SEGN • SYN OG SEGN • SYN OG SEGN



Frå venstre: Miguelin TOM TELLEFSEN, Elisa MARIT BOLLING, Andres JAN ERIK SÆTHERØ,
Don Pablo ØYVIND ØYEN, Pedro BJØRN SOTHBERG, Alberto STALE BJØRNHAUG,
Lolita BJØRG VATLE, Esperanza BENTE LISETH og Faren KÅRE WICKLUND.

«BRENNAN»

Skodespel i 3 akter av AN

Dei som er med:

Elisa	MARIT BOLLING
Andres	JAN ERIK SÆTHERØ
Pedro	BJØRN SOTHBERG
Lolita	BJØRG VATLE
Alberto	STÅLE BJØRNHAUG
Carlos	FINN KVALEM
Juana	LIV ULLMANN
Miguelin	TOM TELLEFSEN
Esperanza	BENTE LISETH
Ignacio	JOACHIM CALMEYER

Pause et

Hovedrollen

blant brannsikre skap

Pris fra kr. 524,00

DE MØRKE»

NIO BUERO VALLEJO

Don Pablo ØYVIND ØYEN
Faren KÅRE WICKLUND
Dona Pepita SIRI ROM

til norsk ved EINAR CHRISTENSEN
regi PÅL SKJØNBERG
dekor SNORRE TINDBERG
inspisient ARPAD SZEMES

2. a k t.

JÖLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

Samarbeid gjev framgang!

Bli medlem av

**NORSK BONDE- OG
SMÅBRUKARLAG**

OSLO

NOREGS MÅLLAG


vil ha betre vilkår for nynorsk mål.

Meld deg inn!

Hugs målgåva!

Hjelp oss i arbeidet for spåkleg rettferd.

Adr.: Boks 911, Oslo. Postgirokonto: 14230.



Frå venstre: Bjørn Sothberg, Jan Erik Sætherø, Ståle Bjørnhaug, Tom Tellefsen, Siri Rom
(Dona Pepita), Liv Ullmann og Marit Bolling.

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting
Til salgs hos musikkhandlerne

VERDENS STØRSTE

SPECIAL GUMMIERT

Salg



RIZLA

SIGARETT PAPIR

200 ÅRS ERFARING GARANTERER KVALITETEN
ENESALG FOR NORGE; GUNNAR STENBERG - OSLO

Framhald frå side 13.

som hadde til program å gylle og hylle ideologien til det nye regimet. Etter at borgarkrigen slutta, tok òg veteranen blant dei spanske dramatikarane, nobelprisvinnaren (1922) Jacinto Benavente opp att teaterverksemda si, endå han då var 73 år. Han heldt fram å skrive til han døydde i 1954, men stykka hans, framførte på dei offentlege teatra med rikeleg offisiell virak, var tomme og melodramatiske. Stort likare var det ikkje med ein del andre gamle tråvarar av Benavente-skolen, som gav seg til å skrive salongkomediar, tilsett ein høveleg porsjon lett-salta og uskadeleg satire.

Men i den lange rekkja av forfattarar som forsynte teatra med tidtrøytetekomediar med tydeleg «eskapistisk» føremål, fanst det nokre få som makta å gje stykka sine ein dåm av poesi, som lyfte desse stykka opp over det vanlege halvgode, attåt at dei kunne kunsten å laga «well-made plays», med den rette blandinga av humor og sentimentalitet. Skodespela deira var i alle fall ikkje dårlegare enn dei som var gjengs vare på dei andre kommersielle teatra kring i Europa før og etter krigen. I den samanhengen må særleg nemnast José

Framhald side 23.

Trimming av instrument

Skodespelaren har to uttrykksmiddel, kroppen og røysta. Han må kjempe seg fram til full kontroll av dei begge skal han kunne nå verkeleg langt. Når han ikkje spelar eller prøver, tar han gjerne timar i røystebrok og plastikk, år etter år. Det er dyre timar, og skodespelargasjane er ikkje nett-opp kongelege. Mange maktar rett og slett ikkje, av økonomiske grunnar, å fintrimme instrumentet, til glede for seg sjølv og for den kunst dei skal vera med å skape.

Vi har tatt konsekvensen av at *dette* er eit kjernepunkt i spørsmålet om kvalitet på scenen, og har knytt til oss den store svenske røystepedagogen Viran Wallström, som no kvar dag arbeider i 5—6 timar med storparten av ensemblet. Vi ynskjer med dette Viran Wallström velkommen til Det Norske Teatret.

T. S.

A.s West Jernvareforretning

Tlf. 44 01 78 - 56 43 37 — Nils Juels gate 40, hjørnet Frognerveien

Jernvarer, Verktøy, Kjøkkenutstyr, Porselen, Glass, Krystall

Thoralf Vik

Bygg- og tømmermester

Kontor: Armauer Hansensgt. 14 b, tlf. 60 47 18.

Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62.

***Kle Dem lett og ledig — gå inn for blazer
Vi har også utvalget i slacks og benklær
for herrer og gutter***

IRIS SLIPSMAGASIN A/S

Markveien 54.


Hygg Dem hjemme!

Kald- og varmanr.

Snitter — Kabareter

Søn- som
hv.dag

Tlf. 53 72 75



Ringer De, sender
vi Dem prislister
med forslag

LEKKERBISKEN

EASY A/S

*Den mest moderne
delikatesseforretning
med byens største utvalg*

STORTINGSGT. 8
(vis à vis Studenterlunden)

Framhald frå side 21.

Lopéz Rubio (f. 1903). Han debuterte i 1929. Etter 20 år innan filmen vende han seg til teatret på nytt og skreiv ei rad suksess-komediar: «Celos del aire» (Sjalusi i lufta) (1950), «La venda en los ojos» (Bindet for augo) (1954), «La otra orilla» (Den andre barden) (1954) o. fl. Skodespela hans rører seg ofte på grensa mellom draum og røyndom, med innslag av det fantastiske og til dels makabre. Eit par av dei yngre forfattarane som òg fortener å nemnast og som har publikums godhug, er Víctor Ruiz Iriarte (f. 1912), fremste målsmannen for det eskapistiske teatret (teatro de evasión), med stykke som t. d. «El landó de seis caballos» (Landaueren med seks hestar) (1950), og den eventyrleg produktive Alfonso Paso (f. 1926), spesialist på farsar, lette satirar og kriminalkomediar (sesongen 1959/60 fekk han ikkje mindre enn 8 nye skodespel framført). Den rosa-farga komedien har ein medtevlar i den såkalla «nye humoren», nærskyld med det «absurde» teatret frå dei seinare år (Ionesco & Co.). Førelauparen i denne stemneleia var Enrique Jardiel Poncela (1901—52), som dyrka si særmerkte form for humor både før og like etter siste verdskrigen. Denne stilen er ført lengre av Miguel Mihura (f. 1903) og medarbeidarane hans frå skjemtebladet «La Codorniz» (i nokon mon tilsvarande vårt heimlege «Dusteforbund»). Mihura debuterte i 1943 med komedien «Ni probe ni rico, sino todo lo contrario»; denne tittelen har òg ein heimleg klang: «Korkje fattig eller rik — snarare tvert imot.» Han hadde samarbeidd om denne komedien med karikaturteiknaren Antonio de Lara, kjend som «Tono» (f. 1896). Mihura slo igjennom for alvor med «El caso de la nujer asesinadita» (Mysteriet om den småmyrdande kvinna) (1946) saman med Alvaro de Laiglesia. Trass i dei billege suksessane han ofte hadde, er Mihura kanskje likevel den mest interessante av komedieforfattarane i etterkrigstida. Det finaste stykket hans til no er «Tres sombreros de copa» (Dei tre flosshattane). Mihura fortel at han skreiv det så tidleg som i 1932, men tida var ikkje mogen for denne særmerkte forma, og stykket vart ikkje oppført før 20 år etter. Då det vart sett opp i Paris i 1959, vart det prenta i den

Framhald side 25.

Velkommen til

Fornebu Flyrestaurant

Fin utsikt over flyplassen - Lett adkomst med Snarøybussen

Vennligst ring telefon 53 65 60

MIDT PÅ KARL JOHAN

BØNDERNES BANK

EGERTORGET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greitt

Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får de fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 33 44 33.

S. BRUUN

Niels Juelsgt. 27

Telefon 44 03 84

*Lamper — Skjermer — TV
Elektriske apparater m. m.*

Framhald frå side 23.

kjende teaterserien «L'Avantscène» og var æra med eit føreord av Ionesco sjølv, der han dreg fram den sameininga av humor og tragikk som stykket syner (den såkalla «svarte humor»). Av dei andre skodespela av Mihura bør òg nemnast kriminalkomedien «Carlota» (1957), som kan mæle seg med det beste i den genren.

*

Av det som til no er nemnt, kan det sjå ut som komedien heilt og fullt dominerer det spanske etterkrigs-teatret. Dette inntrykket er heilt korrekt. Det seriøse dramaet har alltid hatt fattigslege kår i Spania (vi ser her heilt bort frå det propagandistiske teatret, religiøst likså vel som politisk, som ikkje kan syne fram noko verk av kunstnarleg verdi, endå om det blir favorisert av styresmaktene). Som eit døme på tilhøva i dag har Alfonso Sastre fortalt at det spanske sensurorganet for teater (Consejo Superior de Teatro) nyleg returnerte eit stykke med desse ord påførte: «Personane og situasjonane i stykket verkar lite tiltalande (poco gratos) — særleg i dei tider som verda no gjennomlever.»

Bortsett frå Antonio Buero Vallejo (sjå særskild artikkel) er det berre få forfattarar i Spania som har vikt seg til dramaet dei siste 25 år. Av dei som hadde debutert alt før borgarkrigen, har Joaquín Calvo Sotelo (f. 1905) gjort heiderlege freistnader på å skrive problem-stykke, m. a. «La muralla» (Muren) (1954). Det vart noko av ein sensasjon, med 2500 framføringar. Diskusjonen kring stykket gjekk i høge bølger, for di det kunne tolkast som eit åtak på korrupsjonen blant pampane i Franco-regimet. Stykket hadde snau fått passere sensuren, om det ikkje hadde vore skrive av ein av dei som var lojal mot styret. Horacio Ruiz de la Fuente (f. 1905), som debuterte fyrst i 1940, er òg problemdiktar. Skodespela hans er i nokon mon nærskylde med det eksistensialistiske teatret, men han går sine eigne vegar. Ruiz de la Fuente dyrkar monodramaet; den eine personen som finst i stykket, lever ofte i grenselandet mot det reint patologiske. Teknikken hans kan minne om O'Neills (i t. d. «Before breakfast»). Språket og motivvalet er såpass krasse at

Framhald side 27.

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17. — Telefon 44 32 14.

HENRIKSENS BOKBINDERI

Innehaver G. S. Henriksen

Kongens gate 16 — Telefon 41 13 30

Kolonial — Kjøtt — Pølsevarer og grønnsaker

JOHAN BREKKE A/S

Elisenbergveien 19

Tlf. 44 44 60 - 44 36 68 - 44 28 88

Vi bringer

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

ANDVÅKE

MØLLERG. 16 - OSLO

Framhald frå side 25.

dei fleste av stykka hans må framførast i ein av provinsbyane i Spania (i ein «frisert» versjon) eller, i fullstendig versjon, i Mexico,¹ Puerto Rico eller andre stader.

I 1953 steig det fram ein ny dramatikar på den offentlege scenen. Det var Alfonso Sastre (f. 1926), som fekk stykket «Escuadra hacia la muerte» (Skvadron mot døden) framført på det statsstødde Teatro Nacional «María Guerrero». Eit par av einaktarane hans hadde rettnok vorte framførte på ymse eksperiment-teater i 1946 og 1948, men dette var fyrste suksessen hans, og det stykket som gjorde han kjend for eit større publikum. Det har ekte dramatisk nerve, og med det stig Sastre fram som den fremste eksponenten for eit «engasjert» teater i Spania. Sjølv kallar han denne teaterforma for «realistisk» eller «revolusjonær», og ymse av dei seinare skodespela hans er rettnok såpass revolusjonære etter spanske tilhøve at dei har vorte nekta framføring eller publisering på anna vis i Spania. Difor er dei nyleg komne på eit argentinsk forlag. Ei gjennomgåing av Sastres produksjon i dag syner at han enno ikkje har makta heilt å fri seg frå innverknad av moderne europeisk og amerikansk teater, som han sjølv vedgår at han står i skuld til (fyrst og fremst Sartre, men òg O'Neill, Priestly, Beckett o. a. når det gjeld teknikken). Enno står Sastre likevel berre ved vegs byrjing litterært. Det skulle vera von om at han, saman med Buero Vallejo, ville kunna skapa den grobotn som trengst — både i teatermiljøet og hos publikum — for ei verkeleg ny oppbløming av dei rike teatertradisjonane i Spania, — dersom tilhøva elles kjem til å liggje til rette for det.²

¹ I 1960 kom tre av dei forbadne versjonane ut på eit meksikansk forlag (Bandera negra, La rebelión del barro, La muñeca muerta).

² I desembernummeret 1960 av det eksklusive teatertidsskriftet «Tulane Drama Review» finst det ikkje mindre enn tre artiklar om Alfonso Sastre og hans diktning.

Knut E. Sparre

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A/s

Valkyrjegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

Moderne damex

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

Kjoler - strømper - undertøy etc.

Kle Dem riktig — det er viktig.

HELNOR Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

N O R E G S B O K L A G

Bokhandel — Papirhandel

Bøndernes Hus

Rosenkrantzgt. 8, Oslo — Telefon 33 13 74

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer.

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder.

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/s

ARBEIDERRADIO

Youngs gate 11, Oslo - Telefon 42 07 37 *



NATIONALTHEATRET

«DEN GRØNNE SNIPPKJOLEN»

Lystspill av Robert de Flers og
G. A. Caillavet.

Regi: Per Aabel.

I hovedrollene:
Aase Bye og Per Aabel.

«ERIK XIV»

Skuespill av August Strindberg.

Regi: Knut Hergel.

I tittelrollen: Lars Nordrum.

«MANNEN FRA I GÅR»

Skuespill av Helge Hagerup.

Regi: Knut Thomassen.

I hovedrollene:
Ada Kramm og Ola Isene.
Urpremiere: Ultimo mars.

DEN NORSKE OPERA

«AMELIA VIL PÅ BALL»

Opera av Gian-Carlo Menotti.

Regi: Bengt Peterson.

Musikalsk ledelse:
Arvid Fladmoe.

26. februar—10. mars.

«OTHELLO»

Opera av Giuseppe Verdi.

Regi: Josef Witt.

Musikalsk ledelse:

Arvid Fladmoe.

19.—27. mars.

OSLO NYE TEATER

«KATTENE»

Skuespill av Valentin Chorell.

Regi: Gerda Ring.

Mars/april:

«BECKET»

Av Jean Anouilh.

Regi: Rønnaug Alten.

I hovedrollene: Georg Løkke-
berg og Henk Kolstad.

Fra slutten av april:

«MY FAIR LADY»

BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen:

«HANS OG GRETE»

Regi og koreografi: Guri Ludt.

På spelplanen framover:

Clarence Day:

«FAR OG VI ANDRE»

dramatisert av *Howard Lindsay og Russel Crouse*

kjem opp på Det Norske Teatret som neste program, dels som ettermiddagsframsyning for Skoleteatret, dels som vanlig kveldsframsyning. Det er ein festleg og vittig amerikansk familiekomedie, som Gerhard Knoop set i scene. Stykket er omsett av Einar Christensen.

«HENNES HØYHET MIN KONE»

Det er somt det finst meir av i dette landet enn *lystspel*. Av *Axel Kielland*, ein av dei kvassaste og mest leseverdige pennar i norsk presse, dramatikar og teaterkritikar, kunne ein vente seg ein så sjeldsynt ting som eit godt norsk lystspel er, både for di han skriv betre enn dei fleste («fører ein proper neve,» som det heiter i stykket), og for di han har eit vake og vaktsamt auga for det dramatiske, det komiske og det menneskeleg tragiske i aktuelle situasjonar og hendingar.

«HENNES HØYHET min kone» er på trappene, saman med heile haleslenget av bornert hoff-snobbeskap med nedervde former og fordomar, stivna til nokså snurrig meiningsløyse gjennom hundreår.

Sjeldan skimtar vi vel sjølve *menneska* attom den maska dei blir tilplikta å bera, dei som er fødte utanfor vårt eignelege moderne samfunn, oppseda i ein livsstil, ei verd der anakronistiske former altfor lett kan koma til å leggje sitt isteppe over menneske som trass alt ikkje er det minste annleis og meir merkverdige i botn og grunn enn menneske flest — og som kanskje inst inne heller ikkje ynskjer å vera annleis.

Axel Kielland har m. a. sett — og teikna — det komiske og groteske i dette steingjengne anakronistiske hofftyranniet.

«HENNES HØYHET min kone» har Oslo-premiere i april. Barthold Halle er instruktør og Ivar Eskeland omsetjar.

Alltjenest Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller - Faste oppdrag mottaes

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 422422

Medlem av Norsk Blomstertelegraf


Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn.

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer.



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgt. 8

Kaffistovene

Rosenkrantzgt. 8 — Stortorget 8

Kr. Augustsgt. 14 — Storgt. 28

OSLO

